



Barnehagedagen i dag 10. mars var vellykka. Natur, leik, mestring og læring gikk hand i hand. I Uskedalen barnehage har vi lenge gleda oss til denne dagen. Satsingsområdet dette barnehageåret er natur og friluftsliv - det leikande og lærande barnet, Ekstra stas var det difor at temaet for dagen var VI VIL UT! Barn og vaksne hadde planlagt denne dagen lenge saman.



Ungane har glede seg stort til å invitere inn foreldre, besteforeldre, bygdefolk og venner til markering av dagen saman. Det er alltid stas å vise fram barnehagen sin og turmåla våre.



Barnehagen vår ligg i ei naturperle med sjø, skog og fjell rett utanfor døra. Det var ikkje så enkelt å finna berre eit mål. Ungar og vaksne fann at vi måtte ha 5 turgrupper med ulike mål og ulikt innhald. Ei gruppe skulle gå til sjøen, ei til Skårhaug og lavoen, ei gjennom skuleløypa med stopp i grillhytta på skulen, ei til 'hesten' og ei rundt bygda. Alle gruppene skulle lage mat ute.



Dagen kom med regn og vind, men klokka 10 var alle klare, også mange foreldre, besteforeldre og voksne. Etterpå samla vi barnegruppa og snakka om dagen. Barna fekk sjå bilete, praten gjekk laust og her er noko av det soim vart sagt:

EMILIE: - Det er kjekt å gå på tur. Idag var mamma med og det var ekstra kjekt.

TRYM: - Vi var til lavoen. Vi laga kjempegod tomatsuppa og klatra i klatretau på berget.

MARCUS;- Turen var lang. Eg ville ikkje ha suppa og åt nista mi. Vi fann ein makk.

RUNA: - Eg fann og ein makk. Den var stor. Då er det vår ute.

AM:- Det kjekkaste var å skli i sklia på skulen

HÅVARD:- Eg laga drage og vinden var kjempesterk. Etterpå åt vi verdens beste mat.

FRØY: - Vår barnehage er verdens beste. Det kjekkaste var å leika bukkene bruse.

AURORA SOFIE;- Det var kjempekjekt å vera på strando og finna fine skjell og steinar.

INGRID:- Vi gjekk tur til hesten og fiska i dammen, men vi laga skog og bål inne.

Tekst og foto: Ann Irene Sæle, styrar

Nett: Ola Matti Mathisen